



Lindås Rør og Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2239 - 15/23172

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
23.06.2015

Avvising av søknad om utsleppsløyve - gbnr 237/13 Totland.

Lindås kommune viser til søknad om utsleppsløyve for fritidshus på gbnr 237/13. Vi har gått gjennom saka og har følgjande merknader:

- Det er søkt om utsleppsløyve frå fritidshus. I matrikkelen, som er det offisielle eigedomsregisteret, er bygget på eigedomen registrert som naust. Før kommunen handsamar saka må det dokumenterast at bygget er oppført som eller seinare godkjend for bruk som fritidsbustad.
- Tiltaket er ikkje i samsvar med plan. Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-føremål med spreidd naustbygging. Etablering av avlaupsanlegg m.m. vil ikkje vera i samsvar med vedteken plan for området og tiltaket vil såleis krevja dispensasjon frå arealføremålet og byggjeforbodet i strandsona, jf pbl § 1-8.
- Tiltaket er ikkje nabovarsla. Anlegget skal etablerast delvis på eigen grunn. Det ligg ikkje føre erklæring med løyve til å leggja leidningar over privat grunn.
- Avlaupsanlegg med slamavskiljar skal knytast til kommunal slamtømmeordning på ordinære vilkår. Omsøkte løysing for slamtømming er ikkje innanfor dei ordinære vilkåra og kan ikkje godkjennast. Alternativ løysing kan vera utslepp av gråvatn der ein kan godkjenna direkteutslepp til god sjøresipient, eller reinsing i slamavskiljar før utslepp til sjø.

Søknaden er ikkje fullstendig, jf forureiningsforskrifta § 12-4, og vert vurdert til å vera for mangelfull til at han kan takast til handsaming. Søknaden vert arkivert utan handsaming. Dette er ei prossessleiane avgjerd.

Vedtak:

Søknaden er ikkje fullstendig, jf forureiningsforskrifta § 12-4, og vert vurdert til å vera for mangelfull til at han kan takast til handsaming. Søknaden vert arkivert utan handsaming. Saka er med dette avslutta. Ny komplett og kvalitetssikra søknad må sendast inn for at søknaden skal verta realitetshandsama. Dokumenta vert arkivert i kommunen.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klagt på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lise Holsen

Grimseidvegen 5259
494

HJELLESTAD